



# ARBEIDSREGLEMENT FOR BJØRNAFJORDEN KYRKJELEGE FELLESRÅD

(vedteke av Bjørnafjorden kyrkjelege fellesnemnd den 2. oktober 2018, sak 2018/025)

## 1 OMFANG

Reglement gjeld alle arbeidstakarar i eit fast forpliktande arbeidsforhold, jf. Hovudtariffavtalen kap. 1, § 1, der fellesrådet er arbeidsgivar. Reglane i reglementet gjeld ikkje når dei strider mot lov, tariffavtalar eller andre føresegner som er bindande for fellesrådet.

## 2 TILSETJING

Arbeidstakaren blir tilsett innanfor Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd sitt ansvarsområde, på dei lønns- og arbeidsvilkår som går fram av gjeldande lover, forskrifter, tariffavtalar, arbeidsavtale og reglement. Jf. også tenesteordningane for dei stillingane som er omfatta av slike.

## 3 ARBEIDSAVTALE

Det blir utarbeidd arbeidsavtale innanfor dei tidsrom og krav som Arbeidsmiljølova §§ 14-5 og 14-6 set. Ved oppstart får arbeidstakaren informasjon om kor ein finn arbeidsreglementet og andre reglement /retningslinjer som regulerer arbeidsforholdet.

Arbeidsavtalen medfører ei gjensidig plikt for partane. Arbeidsgivar skal sjå til at rettane til arbeidstakaren etter lov og avtaleverk blir oppfylt og at den einskilde blir gitt høve til personleg og fagleg utvikling. Arbeidstakar skal rette seg etter pålegg som blir gitt av overordna innanfor ramma av arbeidsavtale og stillingsomtale.

Begge partar er ansvarleg for at arbeidsavtalen blir følgd opp ved å ta opp eventuell usemje gjennom dei kanalane som er oppretta for førebygging og løysing av konfliktar.

## 4 ARBEIDS- OG KVILETIDER

Klokkesletta for arbeids- og kviletider skal kunngjeraast for den tilsette.



## 5 FERIE

Ferien blir ordna i samsvar med reglane i gjeldande ferielov og tariffavtale. Kyrkjeverja fastset ferietid etter drøftingar med arbeidstakaren eller vedkomande sin tillitsvalde. Ferielista skal som hovudregel bli gjort kjende tidlegast mogeleg og seinast 2 månader før ferien tek til.

## 6 FRÅVÆR FRÅ ARBEIDET

Fråvær på grunn av sjukdom, ulukke eller andre årsaker, skal så snart som mogeleg meldast til nærmaste overordna. Dersom fråværet har sin grunn i sjukdom, må arbeidstakar følge føresegnene for bruk av eigenmelding m.v. omtalt i Folketrygdlov, forskrifter, rundskriv, tariffavtale og ev. avtale i IA-verksemnd.

## 7 UTBETALING AV LØNNINGAR

Månadslønte får lønn utbetalt den 12. i kvar månad eller nærmaste føregåande yrkedag. Time-, dag- og vekelønte får normalt utbetalt lønn etter same reglar.

Den einskilde arbeidstakaren skal så langt som det er mogeleg, kontrollere om det utbetalte beløpet er riktig. Eventuelle feil må meldast snarast mogeleg. Korrigering av feil blir gjort på den måten partane blir einige om.

## 8 ALLMENN ORDEN

Arbeidstakar må vere på arbeidsstaden når arbeidstida byrjar. Arbeidstakaren har ikkje høve til å nytte den daglege arbeidstida til gjeremål som ikkje er ein del av sjølve arbeidet.  
Arbeidstakaren må ikkje vere påverka av alkohol eller anna rusande eller bedøvande middel i arbeidstida.

Det vert forventa at arbeidstakar opptrer på ein slik måte at omdømet til kyrkja ikkje vert svekka.



## **9 ØKONOMISK ANSVAR OG BEHANDLING AV KONTANTE MIDLER**

Har arbeidstakaren økonomisk ansvar og/eller handsamar kontante midlar som ein del av arbeidet, skal dette skje i samsvar med økonomireglement fastsett av fellesrådet. Det må vurderast om det er behov for skriftlege rutinar i tillegg til økonomireglementet dersom ikkje økonomireglementet i tilstrekkeleg grad er dekkande.

## **10 BEHANDLING AV UTSTYR**

Alt inventar, maskiner, verkty, materialar m.v. må behandlast med omhug.

Det må visast varsemd ved behandling av eld, lys og brannfarlege stoffar.

Arbeidstakar må rette seg etter føresegner og pålegg som er gitt for å trygge liv, helse og eigedom og bruke det verneutstyret som etter lov og forskrifter er påbode. Det blir vist til vedteken plan for helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet (HMT).

Privat bruk av arbeidsgivar sitt utstyr kan skje i samråd med arbeidsgivar.

Nøklar brukast og oppbevarast etter avtale med arbeidsgivar.

## **11 PERMISJON**

For permisjon gjeld føresegnene i Arbeidsmiljølova, Hovudtariffavtalen kap. 1 § 14, Hovudavtalen og det permisjonsreglement som fellesrådet har vedteke.

## **12 OPPSEIING**

Oppseiing skal vere skriftleg frå begge partar. Oppseiingsfristane skal vere i samsvar med gjeldande føresegner i lov og tariffavtale.

Om arbeidstakar sine rettar ved oppseiing, blir det elles vist Arbeidsmiljølova kap. 15 og 17, og Forvaltningslova sine føresegner om saksgang.

Ved avgang har arbeidstakar krav på sluttattest.



## 13 AVSKJED – SUSPENSJON

Fellesrådet kan gi avskjed til ein arbeidstakar med påbod om avgang straks dersom denne gjer seg skuldig i grovt pliktbroter eller anna vesentleg misleghald av arbeidsavtalen jf arbeidsmiljølova § 15-14.

Avskjed skal meldast skriftleg og innehalde opplysningar om rett til å krevje forhandling, reise søksmål og kva fristar som gjeld.

Medan spørsmål om avskjed vert behandla, kan arbeidstakar i heilt spesielle tilfelle, suspenderast frå stillinga si, jf arbeidsmiljølova § 15-13.

Om det er grunn til å tru at ein arbeidstakar har gjort seg skuldig i tilhøve som kan medføre avskil etter arbeidsmiljølova § 15-14 og verksemda sitt behov tilseier det, kan arbeidsgjevar påleggje arbeidstakar å fratre arbeidstilhøvet medan saka vert undersøkt.

Arbeidstakar har krav på å behalde lønna si inntil vedtak om avskjed er treft.

Før vedtak om avskjed eller suspensjon blir gjort, skal det konfererast med arbeidstakar sin tillitsvalde med mindre arbeidstakar sjølv ikkje ønskjer det.

Ved suspensjon gjeld reglane i arbeidsmiljølova §§ 15-1, 15-4, 15-12 og 15-13 tilsvarende så langt dei høver.

Om arbeidstakar sine rettar elles blir det vist til *Arbeidsmiljølova § 15-14* og reglane i forvaltningslova om saksgong.

## 14 ANNA LØNNA ARBEID

Arbeidstakar kan ikkje utan løyve ha anna lønna arbeid som vil vere av eit slikt omfang at det vil gå ut over det vedkomande kan yte i arbeidet.

Slikt arbeide bør ikkje finne stad dersom:

- arbeidet seinare skal kontrollerast av vedkomande sjølv eller arbeidsgivar
- arbeidet i ei viss utstrekning blir utført av personar eller firma som arbeidsgivar har forretningskontakt med
- ekstraarbeidet kan medføre inhabilitet etter Forvaltningslova kap. 2.
- arbeidet har nær samanheng med eller kan avleiaast av det arbeid vedkomande gjer i hovudstillinga si

Prinsppsaker skal fremjast for kyrkjeleg administrasjonsutval til avgjerd.



## 15 INFORMASJON TIL MEDIA

Informasjon til media blir gitt av kyrkjeverja/dagleg leiar eller andre arbeidsgivar gir fullmakt til. Opplysningar om og vurderingar av saksforhold skal gjevast av arbeidsgivar eller den arbeidsgivaren overlèt slik fullmakt til. Dersom arbeidstakarar blir utfordra eller tek initiativ til å gi opplysningar om og vurderingar av saksforhold, må dette avklarast med ein overordna som har fullmakt til å uttale seg.

## 16 TEIEPLIKT

Når ei sak er undergitt teieplikt etter lov, andre føresegner, eller når det følgjer av saka sin art, plikter arbeidstakar å hindre at andre får tilgjenge eller kjennskap til saka. Den einskilde leiaren skal informere medarbeidarane sine om den teieplikta som gjeld innan ansvarsområdet deira. Arbeidstakar har plikt til å gjere seg kjend med reglane om teieplikt.

## 17 TOLKING / ENDRINGAR

Spørsmål om fortolking av dette reglementet blir behandla av administrasjonsutvalet.

Endringar av reglementet avgjeras ved ny avtale mellom arbeidsgjevar og de tillitsvalde, jf. arbeidsmiljølova § 14-17.

## 18 GJELDANDE PERIODE

Dette reglementet blir gjort gjeldande for perioden frå 01.01.2020, og blir evaluert innan utgangen av 2023 – evt før om nokon av partane krev det.